

# Prop. 32 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringer i statsbudsjettet for 2011 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 18. november 2011,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringer i løyvingar under programkategoriane 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

### 2 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

#### Kap. 1313 Luftfartstilsynet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Frå 1. september 2011 blir flymedisinske undersøkingar fakturerte direkte frå Flymedisinsk Institutt som utfører tenesta, til brukarane, og ikkje via Luftfartstilsynet som tidlegare. For 2011 fører det til reduserte utgifter og inntekter på 1,84 mill. kr. I budsjettet for 2012 er det teke høgd for endringa i faktureringsrutinane, jf. Prop. 1 S (2011-2012). Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1313, post 01 Driftsutgifter, med 1,84 mill. kr.

#### Kap. 4313 Luftfartstilsynet

##### *Post 01 Gebyrinntekter*

Som følge av endra faktureringsrutinar blir utgiftene og inntektene i 2011 reduserte med 1,84 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1313, post 01 Driftsutgifter.

Vidare ventar Luftfartstilsynet at gebyrinntektene i 2011 blir 4,86 mill. kr lågare enn i saldert budsjett. Dette heng saman med at gebyrsatsane er blitt sette for lågt i høve til dei budsjetterte inntektene. Dei reduserte inntektene vil ikkje påvirke kostnadene for tilsynsverksemda.

Departementet foreslår på denne bakgrunn å redusere løyvinga på kap. 4313, post 01 Gebyrinntekter, med i alt 6,7 mill. kr.

### 3 Programkategori 21.20 Vegformål

#### Kap. 1320 Statens vegvesen

##### *Post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.*

##### *Flaum*

Flaum fleire stader i landet i 2011 har ført til store skadar på riksvegnettet. Kostnadene til å utbetre

og reparere skadane på riksvegnettet i Hedmark og Oppland etter flaumen i juni 2011 var 51 mill. kr. Eit overslag over kostnadene til å utbetre og reparere skadar på riksvegnettet etter flaum fleire andre stader i perioden juli-september 2011 utgjer til saman om lag 53 mill. kr. Totalt er kostnadene rekna til 104 mill. kr.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., med 104 mill. kr.

Når det gjeld midlar til fylkesvegnettet på grunn av flaum, viser departementet til Kommunal- og regionaldepartementet sin proposisjon.

#### *Omdisponering mellom postar*

Statens vegvesen reknar med at det vil bli eit meirforbruk på post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., i 2011. Årsakene til meirforbruket er m.a. utbetring av betydelege skadar etter telehiv vinteren 2010/2011 og trafikksikkerleikstiltak i Oslofjordtunnelen etter brann. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., med til saman 150 mill. kr ved å omdisponere i alt 150 mill. kr frå kap. 1320, post 36 E16 over Filefjell og post 37 E6 vest for Alta, jf. omtalen under desse postane.

#### *Realistisk budsjettering av inntekter*

På grunn av endra inntektsoverslag på kap. 4320, post 02 Diverse gebyr, foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., med 112 mill. kr, jf. omtalen under kap. 4320, post 02.

#### *Oppsummering*

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1320, post 23 Drift og vedlikehald av riksvegar m.m., med i alt 366 mill. kr.

#### *Post 25 (Ny) Betalingar for arbeid utført før 2010 på dei nye fylkesvegane*

I budsjettet for 2010 blei det foreslått ei eingongsløyving på 500 mill. kr for å dekkje plikter som Statens vegvesen tok på seg i 2009, men som ikkje kom til utbetaling før i 2010 på det vegnettet som fylkeskommunane overtok frå 1. januar 2010. Det står framleis att nokre tvistesaker som ikkje blei sluttførte i 2010. Desse tvistesaker utgjer om lag 45 mill. kr. Av dette er om lag 25 mill. kr utgifter i 2011. For nokre av tvistesakene er det uvisse med

omsyn til kva resultatet blir og når dei er rettskraftige.

Samferdselsdepartementet foreslår å løyve 25 mill. kr på kap. 1320, ny post 25 Betalingar for arbeid utført før 2010 på dei nye fylkesvegane.

#### *Post 30 Riksveginvesteringar*

Nasjonal transportplan 2010-2019 legg opp til ein vesentleg auke i rammene til riksveginvesteringar. For å sikre framdrift i prosjekta er det nødvendig med meir midlar til planlegging. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, med 50 mill. kr.

#### *Post 36 E16 over Filefjell*

Forseinka framdrift på prosjektet E16 Eidsbru – Varpe bru og forseinkingar i planarbeidet for prosjekta E16 Øye – Eidsbru og Varpe bru – Nystuen gjer at det vil bli eit mindreforbruk på posten i 2011. Midlane er bundne opp gjennom kontraktar, men utbetalingane kjem seinare enn ein har rekna med. Samferdselsdepartementet foreslår å omdisponere 50 mill. kr frå kap. 1320, post 36 E16 over Filefjell, til å dekkje inn meirforbruket på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

#### *Post 37 E6 vest for Alta*

Det vil bli eit mindreforbruk på posten i 2011. Årsakene er uavklarte geotekniske tilhøve på prosjektet E6 Jansnes – Halselv og noko forseinka framdrift på prosjektet E6 Møllnes – Kvenvik – Hjemmeluft. Midlane er i stor grad bundne opp gjennom kontraktar, men utbetalingane kjem seinare enn ein har rekna med. Samferdselsdepartementet foreslår å omdisponere 100 mill. kr frå kap. 1320, post 37 E6 vest for Alta, til å dekkje inn meirforbruket på kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

#### *Post 62 Tilskot til rassikring på fylkesvegar*

Det er vanskeleg å anslå presist forbruket i det einskilte budsjettår på dei ulike rassikringsprosjekta. Vidare kan det variere i kva grad dei ulike fylkeskommunane har prioritert konkrete prosjekt som kan setjast i gang. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at kap. 1320 Statens vegvesen, post 62 Tilskot til rassikring på fylkesvegar, får tilføyd stikkordet "kan overførast", jf. forslag til romartalsvedtak. I Prop. 1 S (2011-2012) er det

foreslått at posten får tilføyd dette stikkordet i 2012.

### Kap. 4320 Statens vegvesen

#### *Post 01 Diverse gebyr*

Statens vegvesen har inntekter frå ulike gebyr som gebyr for førarkort, teoriprøve, dagprøvekjennemerke, påskilting, kontroll og myndigheitskontrollar. Det er knytt utgifter til desse inntektene. Inntektene kan variere frå år til år, noko som gjer at det kan vere vanskeleg å fastsetje nivået ved budsjetteringa. Det er derfor knytt ei meirinntektsfullmakt til posten.

Dei som hadde førarkort for lett lastebil (klasse C1), kunne i 2001 fornye sitt eksisterande førarkort. Førarkorta gjeld for 10 år, og kan fornyast i 2011 og 2012. Det er lagt til grunn at 280 000 fleire enn normalt vil fornye førarkortet i 2011. Dette utgjer ei meirinntekt på 62 mill. kr.

Prognose for 2011 viser at justerte gebyrsatsar og auka volum for dei andre tenestene som det er gebyr på, gir ei meirinntekt på om lag 50 mill. kr. Av dette gjeld 10 mill. kr ein auke i talet på førarprøver og 40 mill. kr m.a. auka volum på dagprøvekjennermerke, påskilting og myndigheitskontrollar.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 4320, post 02 Diverse gebyr, med 112 mill. kr, jf. kap. 1320, post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m.

### Kap. 4322 Svinesundsforbindelsen AS

#### *Post 90 Avdrag på lån*

Svinesundsforbindelsen AS har i dag alle sine lån til staten bunde i fastrenteavtalar. For å tilpasse løyvinga til dei planane for nedbetaling som ligg føre for låna, foreslår Samferdselsdepartementet å redusere løyvinga på kap. 4322, post 90 Avdrag på lån, med 21 mill. kr.

## 4 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak

### Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

#### *Post 75 Kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar*

I Prop. 1 S (2011-2012) blir det foreslått at ordninga med kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar ikkje blir innført, jf. s. 109. Det er i 2011

løyvd 20,6 mill. kr til ordninga. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1330, post 75 Kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar, med 20,6 mill. kr, til kr 0.

## 5 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

### Kap. 1350 Jernbaneverket

#### *Post 23 Drift og vedlikehald*

##### *Flaum og ras*

I 2011 har det vore meir flaum og ras enn det som har vore vanleg. Flaum og ras har ført til store øydeleggingar på Dovrebanen, Rørosbanen, Bratsbergbanen og Notodden stasjon og Nordlandsbanen. Meirutgiftene til å reparere og byggje opp att infrastruktur mv. er rekna til 56 mill. kr. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga i 2011 med 56 mill. for å dekkje desse meirkostnadene.

##### *Brann i snøoverbygg*

I juni 2011 brann det i snøoverbygget på Hallingskeid på Bergensbanen. Snøoverbygget og eit dobbelt togsett blei totalskadde. Det var vidare omfattande skadar på annan infrastruktur som skjener, køyreleidningar og kablar. Kostnaden for å byggje opp att infrastruktur mv. utgjer om lag 65 mill. kr, der 40 mill. kr blir betalt i 2011. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 40 mill. kr for å dekkje kostnadene i samband med brannen på Hallingskeid.

##### *Oppsummering*

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald, med i alt 96 mill. kr.

#### *Post 25 Drift og vedlikehald av Gardermobanen*

Delar av dei tekniske anlegga på Gardermobanen har etter kvart fått auka feilfrekvens. Behovet for vedlikehald, ettersyn og beredskap har dermed auka. I 2011 var det auka utgifter til vintervedlikehald. Vidare auka omfanget av telehiv og saktekøyring i vårløysinga. Desse problema var det ikkje teke tilstrekkeleg omsyn til da løyvinga for 2011 blei fastsett.

Drift og vedlikehald av Gardermobanen blir vanlegvis betalt av brukarane igjennom brukarbetaling, jf. kap. 4350, post 07 Betaling for bruk av

Gardermobanen. Dei siste åra har delar av vedlikehaldet på Gardermobanen blitt dekt opp av eit akkumulert overskot frå tidlegare års innbetalningar frå togselskapa. Dette overskotet er no brukt opp. Det er ikkje praktisk mogleg å auke brukarbetalinga så seint i budsjettåret.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1350, post 25 Drift og vedlikehald av Gardermobanen, med 25 mill. kr, for å oppretthalde den høge standarden og den gode punktlegeita i togtrafikken på denne banestrekninga.

### **Kap. 1354 Statens jernbanetilsyn**

#### *Post 21 (Ny) Spesielle driftsutgifter – tilsyn med tau- og kabelbanar og park- og tivolianlegg*

Det norske Veritas har med verknad frå 1. januar 2012 sagt opp avtalane med Kommunal- og regionaldepartementet og Samferdselsdepartementet om å føre tilsyn med tau- og kabelbanar og park- og tivolianlegg. Frå same dato blir det under Statens jernbanetilsyn etablert eit offentleg tilsyn med tau- og kabelbanar og park- og tivolianlegg i Trondheim. Saka er nærare omtalt i Prop. 1 S (2011-2012), s. 138-139.

For å kunne ha eit operativt tilsyn frå 1. januar 2012 er arbeidet med å førebu overtakinga av dei nye tilsynsoppgåvene godt i gang. Statens jernbanetilsyns utgifter i 2011 for å førebu overtakinga er rekna til 3 mill. kr. I samband med dette arbeidet har det vore nødvendig å pådra utgifter utan løyving i statsbudsjettet for 2011. Samferdselsdepartementet fekk derfor ved kgl. res. 21. oktober 2011 fullmakt til å utgiftsføre utan løyving inntil 3 mill. kr under kap. 1354 Statens jernbanetilsyn, post 21 Spesielle driftsutgifter – tilsyn med tau- og kabelbanar og park- og tivolianlegg. Eingongsutgiftene skal avgrensast til det som er nødvendig for å få ei forsvarleg overtaking av dei nye tilsynsområda.

Samferdselsdepartementet foreslår på denne bakgrunn å løyve 3 mill. kr på kap. 1354, post 21 Spesielle driftsutgifter – tilsyn med tau- og kabelbanar og park- og tivolianlegg.

## **6 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar**

### **Kap. 4370 (Ny) Posttenester**

#### *Post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester*

I 2010 blei det løyvd 497 mill. kr på kap. 1370 Posttenester, post 70 Kjøp av post- og banktenester. Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med dette systemet viser eit faktisk behov i 2010 på 116 mill. kr til kjøp av post- og banktenester. Dette er 381 mill. kr lågare enn løyvinga for 2010.

Hovudårsaka til det reduserte behovet er at einerettsoverskotet blei på 428 mill. kr, medan det i budsjettet for 2010 var rekna med eit einerettsoverskot på 0 kr. Departementet legg opp til at Posten Norge AS i 2011 betaler tilbake overkompensasjonen for 2010 på 381 mill. kr. Som for 2009 legg departementet opp til at Posten betaler renter for det selskapet har fått utbetalt for mykje. Dette inneber at Posten i 2011 skal tilbakebetale i alt 397,6 mill. kr som følgje av overkompensasjon ved statleg kjøp av post- og banktenester i 2010.

Departementet foreslår å løyve 397,6 mill. kr på eit nytt kap. 4370 Posttenester, post 70 Tilbakebetaling post- og banktenester.

### **Kap. 4380 Post- og teletilsynet**

#### *Post 01 Diverse gebyr*

I samband med lønnsoppgjeret for 2011 blei Post- og teletilsynet tildelt 1,07 mill. kr over kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Staten er sjølvfinansierende. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse gebyr, med 1,07 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i statsbudsjettet for 2011 under Samferdselsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

## Forslag

### til vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Samferdselsdepartementet

#### I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgjande endringar:

#### Utgifter:

| Kap. | Post | Formål                                                                                                                                                                                                  | Kroner      |
|------|------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|
| 1313 |      | Luftfartstilsynet:                                                                                                                                                                                      |             |
|      | 01   | Driftsutgifter, blir redusert med .....<br>frå kr 180 910 000 til kr 179 070 000                                                                                                                        | 1 840 000   |
| 1320 |      | Statens vegvesen:                                                                                                                                                                                       |             |
|      | 23   | Trafikktilsyn, drift og vedlikehald av riksvegar m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 29, post 30, post 31 og post 72</i> , blir auka med .....<br>frå kr 7 170 100 000 til kr 7 536 100 000 | 366 000 000 |
| (NY) | 25   | Betalingar for arbeid utført før 2010 på dei nye fylkesvegane, blir løyvd med .....                                                                                                                     | 25 000 000  |
|      | 30   | Riksveginvesteringar, <i>kan overførast, kan nyttast under post 23, post 29, post 31 og post 72</i> , blir auka med .....<br>frå kr 5 608 400 000 til kr 5 658 400 000                                  | 50 000 000  |
|      | 36   | E16 over Filefjell, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....<br>frå kr 120 000 000 til kr 70 000 000                                                                                             | 50 000 000  |
|      | 37   | E6 vest for Alta, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....<br>frå kr 110 000 000 til kr 10 000 000                                                                                               | 100 000 000 |
| 1330 |      | Særskilde transporttiltak:                                                                                                                                                                              |             |
|      | 75   | Kompensasjon til distrikta for skilnader i drivstoffprisar, blir redusert med .....<br>frå kr 20 600 000 til kr 0                                                                                       | 20 600 000  |

| Kap. | Post | Formål                                                                                                                                       | Kroner     |
|------|------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------|
| 1350 |      | Jernbaneverket:                                                                                                                              |            |
|      | 23   | Drift og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 30</i> ,<br>blir auka med .....<br>frå kr 4 963 000 000 til kr 5 059 000 000 | 96 000 000 |
|      | 25   | Drift og vedlikehald av Gardermobanen, <i>kan overførast</i> ,<br>blir auka med .....<br>frå kr 76 300 000 til kr 101 300 000                | 25 000 000 |
| 1354 |      | Statens jernbanetilsyn:                                                                                                                      |            |
| (NY) | 21   | Spesielle driftsutgifter – tilsyn med tau- og kabelbanar og park-<br>og tivolianlegg, blir løyvd med .....                                   | 3 000 000  |

## Inntekter:

| Kap. | Post | Formål                                                                           | Kroner      |
|------|------|----------------------------------------------------------------------------------|-------------|
| 4313 |      | Luftfartstilsynet:                                                               |             |
|      | 01   | Gebyrinntekter, blir redusert med .....<br>frå kr 126 800 000 til kr 120 100 000 | 6 700 000   |
| 4320 |      | Statens vegvesen:                                                                |             |
|      | 02   | Diverse gebyr, blir auka med .....<br>frå kr 288 100 000 til kr 400 100 000      | 112 000 000 |
| 4322 |      | Svinesundsforbindelsen AS:                                                       |             |
|      | 90   | Avdrag på lån, blir redusert med .....<br>frå kr 41 000 000 til kr 20 000 000    | 21 000 000  |
| (NY) |      | Posttenester:                                                                    |             |
| 4370 |      |                                                                                  |             |
|      | 70   | Tilbakebetaling post- og banktenester, blir løyvd med .....                      | 397 600 000 |
| 4380 |      | Post- og teletilsynet:                                                           |             |
|      | 01   | Diverse gebyr, blir auka med .....<br>frå kr 156 800 000 til kr 157 870 000      | 1 070 000   |

## II

Stortinget samtykkjer i at stikkordet "kan overførast" blir tilføydd løyvinga under kap. 1320 Statens vegvesen, post 62 Tilskot til rassikring på fylkesvegar.

=====



